Det er mange som har arbeidd mykje dei siste åra for å få opp den digitale løysinga. Det har vore eit godt tverrfagleg samarbeid mellom patologiavdelingane i

Helse Vest, prosjektleiing og øvrige deltakarar frå Medisin teknisk, IKT med meir. Førde var først ut med ny løysing, medan dei andre føretaka har planlagt oppstart i februar 2022.



Kursing, automatisering og klargjering på skytenester

Mykje har skjedd på skytenester i 2021. Microsoft Azure, Terraform og Microsoft 365 er stikkord frå året som gjekk.

I Microsoft Azure har skytenester bygga og automatisert Helse Vest IKTs referansearkitektur, slik at nye miljø settast opp på kort tid. Det har vore gjennomført to rundar med kursing i Terraform – automatisering av *infrastruktur-gjennom-kode* – for til saman 27 teknikarar. No jobbast det med klargjering for innføring av Microsoft 365, med fokus på sikkerheit, rutinar og retningslinjer.

På plass i Innovasjonspark
Stavanger

Helse Vest IKT har flytta inn i toppetasjen i i3 med panoramautsikt til det nye sjukehuset i Stavanger. 80 av dei 90 tilsette i Stavanger er no på plass i Innovasjonsparken.

I Innovasjonspark Stavanger er det eit sterkt og innovativt IKT-miljø med over 154 bedrifter innan ulike bransjar. Helse Vest IKT fyller heile toppetasjen, og vart den største leietakaren når dei flytta inn i haust.

Bedriftene i Innovasjonsparken er ei blanding av gründerbedrifter, forskingsmiljø og andre verksemder. HelseCampus ligg i same bygg, og fleire av leietakarane er leiande innan teknologi og



innovasjon. Nærleik til desse miljøa, samt til det nye sjukehuset på nabotomta, var avgjerande når Helse Vest IKT skulle flytte til Ullandhaug frå Hillevåg.

1.2 Overordna strategi for verksemda - Helse 2035 med tilhøyrande tiltaksplan

Strategiplanen «Helse2035» for Helse Vest RHF gjev retning for arbeidet til Helse Vest IKT. Helse2035 beskriv på eit overordna plan korleis vi skal utvikle spesialisthelsetenestene på Vestlandet fram mot 2035.

Fylgjande er henta frå samandraget i Helse2035 og gjev eit godt bilete av utfordringane som ligg framfor; «Ei god og effektiv tilnærming til det heilskaplege pasientforløpet krev innføring og bruk av ei solid digital plattform og bruk av nye teknologiske løysingar. Då kan vi yte tenestene nærmare pasienten – ofte der folk bur og oppheld seg. Alle aktørane i helsetenestene må kunne dra nytte av dei same IKT-løysingane.

Pasientane skal òg bidra meir aktivt enn før, og sjølvbetening, eigenrapportering, automatisering, virtuelle tenester og robotisering av arbeidsprosessar skal vere regelen heller enn unnataket. Sensorar, stordata og diagnostikk i sanntid vil, saman med nye medisinar og medisinske metodar, gi høgare kvalitet og lågare ressursbruk.»

Gjennom 2021 har Helse Vest IKT delteke i ei rekkje nasjonale, inter-regionale, regionale og lokale program og prosjekt som i sum skal bidra til realisering av Helse 2035.

2 Styringsbodskap knytt til ansvarsområde for Helse Vest IKT AS

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT om å:

- Gjennomføre planlagde tiltak som følgje av Utviklingsplan for Helse Vest IKT 3.0.

Helse Vest IKT etablerte i Q2-2021 eit internt strategiprojekt for å realisere Helse Vest IKT 3.0.

Prosjektet har vedteke å lene seg på ADKAR-modellen (Awareness, Desire, Knowledge, Ability, Reinforcement) for endringsleiing, og har utover året gjennomført ei rekke aktivitetar som støttar opp under modellen sine ulike fasar. Helse Vest IKT har hatt behov for å forstå produktorientering som modell betre, og det jobbast med å modne og auke kompetansen i alle lag i organisasjonen for å vere rusta til å gjennomføre den endringa som er nødvendig for å realisere intensjonane i utviklingsplanen. I prosjektet er det gjennomført følgjande aktivitetar:

- *Henting av kunnskap frå Gartner Group gjennom refleksjonsmøter med leiargruppa i Helse Vest IKT*
- *Innsiktsarbeid frå andre organisasjonar gjennom presentasjonar frå NAV, Politiet, Innovasjon Norge, NRK, Sparebank1, Oslo kommune med fleire, og diskusjonar om deira erfaringar mot produktorientering.*
- *Arbeidsmøte og samlingar i både leiargruppe og utvida leiargruppe.*

- *Etablert felles definisjonar og språk rundt produktmodellen for Helse Vest IKT, og jobba med tydeleggjering av kvifor endring er nødvendig.*
- *Eablering av informasjonsnettstad for arbeidet med produktorientering og formidling av Helse Vest IKT si tilnærming til produktmodell.*
- *Fagdagar og temasamlingar for avdelingar, seksjonar og fellessamling.*
- *Etablert modellar for diskusjon rundt vedtaksstrukturar og finansiering.*
- *Etablert kriterium for korleis ein kan definere opp produktområde, team-struktur og tilhørande nye roller.*
- *Etablert og vidareutvikla 3 pilot-produkt for å skaffe oss erfaring og kunnskap i praksis (Samlepunktet, Mobil plattform, Styringsdata)*

Det jobbast kontinuerleg med å involvere større deler av organisasjonen i arbeidet, både oppover mot helseføretaka og RFH-leiinga, og innover i eigen organisasjon i Helse Vest IKT.

Grunnkonsept for smidig struktur, målstyring og modellar for fagansvar har vore belyst. I samarbeid med Helse Vest RHF og føretaka har Helse Vest IKT òg medverka inn i arbeidet med ny styrings- og økonomimodell for IKT-initiativ.

Realiseringa av utviklingsplan 3.0 for Helse Vest IKT er eit fleirårig initiativ, og Helse Vest IKT vil halde fram med å setje i gang pilot av produktområde og fleire produkt i året som kjem. Hovudmålet er å redusere avstand mellom behovseigarar (helseføretaka) og realiseringsmiljøa (Helse Vest IKT og leverandørane), samt rigge oss for høgare fart slik at tida frå behov til realisert løysing teke i bruk går ned.

- Bidra til det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området, med særleg vekt på;
 - Forprosjekt *Heilskapleg samhandling*
 - Veikart for utvikling og innføring av nasjonale e-helseløysingar 2021 – 2025
 - Modernisert folkeregister

Helse Vest sine bidrag i det nasjonale samarbeidet innanfor IKT-området styrast av Direktør for e-helse Helse Vest RHF. Helse Vest IKT deltek i prosjektmøte og arbeidsmøte der vi vert invitert med, og er førebudd til å delta aktivt i arbeidet med Digital samhandling (Heilskapleg samhandling) når dette arbeidet går inn i neste fase.

Når det gjeld veikart for utvikling og innføring av nasjonale e-helseløysingar deltek Helse Vest IKT i diskusjonar i NUFA og i andre arbeidsmøte.

For Modernisert folkeregister bidreg Helse Vest IKT med prosjektleiar og –ressursar i Helse Vest sitt eige prosjekt. Leveransar er utsett hos Norsk Helse Nett og det har medført forseinkingar.

- Bidra til det interregionale samarbeidet på IKT-området, herunder:
 - Prosjekt der Helse Vest er hovudsamarbeidspart, mellom anna; Pasientens legemiddelliste, Kritisk informasjon, AMK IKT, Digital

- patologi.
- Prosjekt der andre RHF er hovudsamarbeidspart, mellom anna; Dokumentdeling via Kjernejournal, SAFEST, DIS2021, Program for kodeverk og terminologi.

Helse Vest IKT deltek med prosjektleiar og sentrale prosjektressursar til Pasientens legemiddelliste, Kritisk informasjon, AMK IKT og Digital patologi. I tillegg deltek Helse Vest IKT med ressursar til fortløpande avklaringar innan område slik som sikkerheit, personvern, drift og forvaltning.

For Dokumentdeling via Kjernejournal har Helse Vest IKT teke ansvar for eit prosjekt for Identity Access Management og samhandlar med dei andre helseregionane i dette arbeidet.

For SAFEST og Program for kodeverk og terminologi deltek Helse Vest IKT i prosjektgruppearbeid nasjonalt og regionalt. Når det gjeld DIS2021 er det prosjektet Vestlandspasienten som har hovudansvaret i Helse Vest, og Helse Vest IKT deltek med prosjektleiar og andre prosjektressursar i dette arbeidet.

- Bidra til gjennomføring av den regionale program- og prosjektporteføljen, mellom anna;
 - LIBRA
 - Alle møter
 - HELIKS
 - Byggstøtte IKT

Helse Vest IKT deltek med ressursar frå ulike fagområde i alle programma i Helse Vest si portefølje - LIBRA, Alle Møter og HELIKS. Dette omfattar mellom anna prosjekt- og testleiarar, arkitektar, integrasjonsressursar, utviklarar, systemforvaltarar og driftspersonell. Helse Vest IKT bidreg òg med ressursar innan sikkerheit, personvern og økonomi.

Helse Vest IKT har ansvaret for programmet Byggstøtte IKT. Helseføretaka deltek i programstyret og i arbeidet i programmet.

Gjennomføre fylgjande prosjekt i Helse Vest IKT AS sin regi for å sikre stabil drift og gode tenester til brukarane i Helse Vest, mellom anna;

- Oppgradering av løysing for sikkerheitskopiering.
- Oppgradering av IKT-infrastruktur (maskinvare og databaseløysing) for pasientadministrativt system og elektronisk pasientjournal (PAS/EPJ).
- Inngå avtale for perioden 2021 – 2023 med Microsoft om basisprogramvare.

Ny løysing for sikkerheitskopiering er kjøpt inn og ein arbeider med test og konfigurasjon av løysinga. Løysinga vil vere i drift i løpet første kvartal 2022.

Helse Vest IKT har inngått avtale med Oracle om leige av ny infrastruktur for

pasientadministrativt system og elektronisk pasientjournal. På grunn av leveransesituasjonen vert ikkje utstyret levert før i januar 2022. Ein planlegg å sette dette i drift i andre kvartal 2022.

Ny avtale med Microsoft for perioden 2021 – 2023 vart signert i april 2021, denne omfattar mellom anna innføring av M365 i løpet av avtaleperioden.

2.1 Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å bidra på førespurnad:

- i arbeidet med å utvikle nye retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Helse Vest IKT har medverka i arbeidet med å få etablert nye retningslinjer for risikostyring i Helse Vest, med vekt på Topp 5 risiko og arbeid med informasjonssikkerheit.

- i arbeidet med omsyn til topp 5 risikoar

Basert på utfordringsbiletet har Helse Vest IKT medverka til regional handlingsplan for informasjonssikkerheit innanfor områda:

a) roller, ansvar og oppgåver

Ei regional arbeidsgruppe har utreda ansvars- og oppgåvefordeling for IKT-sikkerheit knytt til medisinsk utstyr (MU) og tekniske anlegg (TU).

Utredningsrapporten vil nyttast i det vidare arbeidet med å etablere nye modellar for drift og forvaltning der Helse Vest IKT og helseføretaka samarbeider om forvaltning av ulike delar av løysingsarkitekturen, særleg for medisinsk utstyr (MU) og teknisk utstyr (TU).

Helse Vest IKT vil følgje opp dette arbeidet.

b) oversikt, rapportering og oppfølging

Helse Vest IKT vil rapportere risikobilete og måloppnåing innan informasjonssikkerheitstiltak til Helse Vest RHF som ein del av ordinær rapportering.

Helse Vest RHF vil initiere vidare oppfølging på dette punktet.

c) informasjonssikkerheit i anskaffingar og utvikling

Helse Vest IKT har utarbeidd krav til informasjonssikkerheit i anskaffingar og har òg tilsvarande krav til eigen utvikling av informasjonssystem.

Vi utvidar no med krav til bruk for nye tenestemodellar som Software as a Service (SaaS) i kombinasjon medisinsk utstyr (MU).

Som IKT-selskap må vi støtte opp under Sykehusinnkjøp HFs behov for kompetanse innan informasjonssikkerheit.

Fokus for det vidare arbeidet vil vere å styrke arbeidet med informasjonssikkerheit i anskaffingar slik at vi kan oppnå færre sikkerheitsavvik for informasjonssystem i produksjon.

d) applikasjonar, infrastruktur og teknisk sikkerheit.

Helse Vest IKT har gjort mykje arbeid for å oppfylle NSMs grunnprinsipp for IKT-sikkerheit v2. Det er gjort mykje innan preventiv sikkerheit, men det står igjen ein del på overvaking, deteksjon og gjenoppretting som vi vil ta tak i det vidare arbeidet.

Helse Vest IKT treng ei oppgradering av infrastruktur særleg innan autentisering og tilgangsstyring. Vi arbeider med ein målarkitektur innan identitets- og tilgangsstyring (IAM) og denne vil vere førande for det vidare arbeidet. I tillegg ønskjer vi å styrke informasjonssikkerheit innan samhandling, både internt i regionen og ut mot andre samarbeidspartar i helsesektoren.

Helse Vest IKT vil halde fram med å arbeide med sikkerheit innan infrastruktur og applikasjonar som ein del av regional handlingsplan for informasjonssikkerheit.

- Helseføretaka skal leggje til rette for at felles mottak for tilvisingar vert realisert våren 2021, i samarbeid med Helse Vest IKT AS. Helse Vest RHF vil koordinere arbeidet gjennom eit regionalt prosjekt

Helse Vest IKT deltek i prosjekt- og styringsgruppa i prosjektet, og har eget utviklingsteam for avklaring av løysingsalternativ for prosjektets behov. Utviklingstemaet deltek i planlegging av test og ROS i prosjektet

2.2 Styringsinformasjon

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- utveksle analysar, modellar og erfaringar på tvers av føretaka.

Helse Vest IKT har saman med føretaka arbeidd med analysar og modellar knytt til kunstig intelligens og styringsinformasjon.

- leggje til rette for utvikling og bruk av felles datastruktur i Datavarehus for Helseinnsikt.

Felles datastruktur i datavarehus for Helseinnsikt er etablert, og arbeidet med å fylla datavarehuset med data har starta.

- bidra med fagleg kompetanse for å utvikle nye faglege rapportar etter prioritert rekkefølge.

Det har vorte tilrettelagt for at analytikarar i føretaksgruppa har fått utarbeidd nye faglege rapportar.

- ta i bruk og bidra til forbetring av eksisterande faglege rapportar innan forsyningskjeda for legemiddel.

Helse Vest IKT bidreg i prosjekt som er retta mot forsyningskjeda for legemiddel. Rapportar vert vidareutvikla basert på behov frå brukarar.

- bidra i arbeidet med å følgje opp LIBRA-styringsmodell.

Helse Vest IKT bidreg i LIBRA-programmet, òg i programstyret og styringsgrupper.

Styring av forvaltingsapparatet er i samarbeid med helseføretaka vidareutvikla i perioden.

2.3 Forsking og innovasjon

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- bidra til relevante forskingsprosjekt i samarbeid med Helse Vest RHF og helseføretaka.

Helse Vest IKT har delteke aktivt i fleire relevante forskingsprosjekt, mellom anna:

To tilsette i Helse Vest IKT har fått PHD-stipend i forskingsprosjektet Valkyrie «Distribuert tjenesteorientert arkitektur for koordinerte helsetenester». Valkyrieprojektet har som mål å utvikle ein IKT-arkitektur prototype for å betre koordinering av helsetenestene. Valkyrieprojektet er ein del av Noregs Forskningsråds IKTPLUS-program, og er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk senter for e-helseforskning, Helse Vest IKT, Helse Nord IKT, Helse Fonna, Nordland sykehus, Bodø Kommune, Nye Narvik sykehus, Nord Universitet (Bodø), DIPS og Seven Informatics.

HVIKT har medverka i utvikling av VR program som let pasientane trene på sosiale situasjonar i trygge rammer. Dette er ein del av en eksperimentell VR-behandling basert på Kognitiv Adferdsterapi og forskinga er leia av klinikk for Psykisk Helseven for Barn og Unge, Helse Bergen.

Helse Vest IKT har delteke i forskingsprosjektet Intromat "INtroducing personalized TRreatment Of Mental health problems using Adaptive Technology" som er eitt av tre forskingsprosjekt Norges Forskningsråd har vald i IKTPLUS fyrtårnutlysing. Haukeland Universitetssykehus er prosjekteigar. Helse Vest IKT har bidrege med rådgiving og utvikling av ein prosjekt-libraryapplikasjon kor klinikkarar kan lage innhald til digitale helsetenester.

Innovasjon

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant

Helse Vest IKT har i liten grad nytta innovative offentlige innkjøp. Det er ikkje godt eigna for kjøp av standard programvareløysingar.

- vere aktive pådrivarar i innovasjonsarbeid:

Helse Vest IKT er ein aktiv bidragsytar i endrings- og innovasjonsinitiativ i føretaka. Det er tett samarbeid med oppdragsgivarar og ein bidrar hovudsakleg i initiativ der teknologi og teknologiutprøving er eit sentralt aspekt. Eksempel på dette er Pust deg betre i Helse Førde og iSpe i Helse Fonna der vi mellom anna har delteke med innovasjonsrådgiving, teknisk rådgiving og fasiliteringskompetanse.

- nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt.

Helse Vest IKT er ein del av eit Felles idemottak med andre aktørar i Helse Vest. Idear som har opphav i Helse Vest IKT eller har eit vesentleg teknologisk aspekt, registrerast her.

- rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet- og nytte.

Helse Vest IKT nyttar idemottak og rapporterer ut frå retningslinjer frå Helse Vest RHF, i tillegg til intern rapportering av egen innovasjonsaktivitet.

2.4 Framtidig løysing for naud- og beredskapskommunikasjon

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS:

- etter nærare avtale å bidra i dette arbeidet.

Helse Vest IKT deltek, gjennom Regionalt Beredskapsutvalg (ReBU), i samarbeidet om å få naudnett på plass som løysing for naud- og beredskapskommunikasjon i regionen. I seksjon Driftssenter vil dei som har rolla beredskapsvakt få nødvendig opplæring i bruk av radioar og talegrupper før jul 2021. Regional bruk av naudnett som naudkommunikasjon vil dokumenterast i regionalt planverk og vidare i Helse Vest IKT sitt planverk.

2.5 IKT-utvikling og digitalisering

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS:

- ha beredskap for å prioritere digitaliseringstiltak som støttar opp under handtering av pandemien.

Helse Vest IKT responderer på prioriteringar frå regional beredskapsleiing og gjer nødvendige prioriteringar. Helse Vest IKT har delteke i arbeidet med å auke bruk av videokonsultasjonar, digital oppfølging av pasientar heime, oppbygging av pandemiregister, samt løysingar for gjennomføring av vaksinerings helsearbeidarar.

- melde inn e-helsetiltak med nasjonal tyding til den nasjonale e-helseporteføljen som vert leia av Direktoratet for e-helse.

Helse Vest IKT samarbeider tett med Helse Vest RHF og direktør for e-helse når det gjeld kva for tiltak som bør prioriterast nasjonalt og følgjast opp med regionale aktivitetar. Fokus er Pasientens Legemiddelliste, Kritisk informasjon, Dokumentdeling og Digitale helsetenester. Gjennom deltaking i møter og prosjekt nasjonalt og regionalt følgjer Helse Vest IKT desse prioriteringane. Kapasitet nasjonalt og regionalt er krevjande, og det er lite føremålstenleg å ta initiativ til endå fleire nye satsingar utover dei prioriterte områda.

2.5.1 Heilskap og samanheng – betre journalløysingar

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt dei regionale helseføretaka om å:

- rapportere på oppdrag gitt i 2020 knytt til journal- og samhandlingsløysingane innan 15. september 2021. Rapportane skal

innehalde ein plan for vidare arbeid og skal sjåast i samanheng med forprosjekt for Heilskapleg samhandling, steg 2.

Helse Vest IKT har delteke i arbeidet med rapporten saman med dei øvrige regionane. Helse Midt-Norge har koordinert, og rapport vart sendt innan ny frist 1. oktober.

- bidra i arbeidet med forprosjekt for Heilskapleg samhandling, steg 2.

Helse Vest IKT har delteke i arbeidet med forprosjektet saman med dei øvrige regionane, Helse Sør Øst har koordinert.

- førebu innføring av vedtekne meldingsstandardar for tilvising og helsefagleg dialog, og innan 1. oktober 2021 rapportere på forventa tidspunkt for innføring, og kva det eventuelt vil krevje om løysingane skal innførast i eksisterande system.

Status Henvisning 2.0:

Ad mottak:

Helse Vest kan ta i mot

- Henvising ny tilstand
- Vidarehenvising

Dette fungerer både i Dips Classic og Dips Arena.

Mottak av Status på henvising er ikkje utvikla av DIPS.

Ad sending:

Det er funksjonalitet for sending av Vidarehenvising frå Dips Arena. Denne er så langt berre testa mellom føretak og er ikkje testa mot eksterne. Meldingstypen er ikkje tilgjengeleg i produksjon. Funksjonalitet rundt meldinga skal vidareutviklast av DIPS, men etter vår vurdering er dette ikkje nødvendig for å ta meldingstypen i bruk.

Sending av Henvising ny tilstand og Status på henvising er ikkje tilgjengeleg funksjonalitet i DIPS Classic/Arena.

Kva må til for å ta i bruk full funksjonalitet i Henvisning 2.0:

Vidarehenvising kan takast i bruk frå Arena. Aktiviteten i prosjektet Overgang til DIPS Arena (ODA) er så høg at det ikkje har vorte prioritert å teste funksjonaliteten.

Oppstartsdato er derfor avhengig av kapasiteten i ODA.

DIPS utviklar funksjonalitet for å sende Status på henvising. Dei skal etter planen halde fram med vidareutvikling av Vidarehenvising og deretter nyutvikling av Henvising ny tilstand. Oppstartsdato for sending av desse meldingstypane kan derfor ikkje gis no.

Status Helsefagleg dialog:

Er ikkje utvikla frå DIPS.

Kva må til for å ta i bruk Helsefagleg Dialog:

Leveranse frå DIPS til Arena. Ukjent status på utviklingsarbeid. Dato for oppstart sending kan ikkje estimerast.

- planleggje tiltak for å ta i bruk ny personidentifikator frå 2032 i samsvar

med planar for overgang til modernisert folkeregister.

Helse vest IKT bidreg gjennom Prosjektet Modernisert folkeregister. Status henta frå styringsgruppemøte 4/11:

- *NHN har grunna store ytingsproblem med den foreslåtte løysinga for persontenesta varsla at dei må gå for ei ny teknisk løysing (OpenAPI). NHN jobbar no med replanlegging av det vidare utviklingsløpet og har gitt informasjon om at dei tidlegst vil ha ei overordna plan klar i slutten av november. Foreløpig status er at utviklingsoppstart er forsinka med 6-8 månadar.*

2.5.2 Digitale helsetenester

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- på førespurnad bidra i Direktoratet for e-helse sitt arbeid med arkitektur og infrastruktur for digital heimeoppfølging, og med dette beskrive behov og vurdere kva for digitaliseringstiltak som må gjennomførast på nasjonalt nivå for å understøtte helseføretaka sine mål om å flytte tenester heim til pasientane.

Helse Vest IKT deltek på i forskjellige arbeidsmøte innan digital heimeoppfølging, òg innan kunstig intelligens. Helse Vest IKT deltek òg i regionale prosjekt og nettverk innan digital heimeoppfølging.

- delta i det regionale arbeidet knytt til utvikling av digitale helsetenester.

Helse Vest IKT deltek i regionalt nettverk for digitale helsetenester leia av Helse Bergen. Helse Vest IKT leverer og tenester og bistand til helseføretak som nyttar eksisterande digitale helsetenester.

- gjere risikovurderingar før digitale tenester vert etablert for ei ny pasientgruppe. Nye tilbod skal risikostyrast og evaluerast med brukarane. Det vil kunne vere relevant med både tverrfagleg forskning og følgjeforskning på nye tilbod.

Helseføretaka har ansvar for risikovurdering og evaluering av tenestene som dei tilbyr til pasientane. Helse Vest IKT bidreg i desse vurderingane der det er relevant. Helse Vest IKT tilbyr òg gjennomføring av ROS-analysar knytt til informasjonssikkerheit i løysingar, på bestilling frå mellom annan system- og prosjekteigarar.

Helse Vest IKT har to doktorgradsstudentar som forskar på distribuert tenesteorientert arkitektur for koordinerte helsetenester (NFR prosjekt Valkyrie). Dei vil undersøke potensialet i digitale, pasientsentriske vegar for å fremme tenestekoordinering og pasientopplevd omsorgskvalitet for unge vaksne som lider av angst og depresjon. I forskinga ser dei på:

- *Kva er utfordringane, risikoane og fordelane ved å implementere pasientsentriske vegar?*
- *Korleis beskrivast pasientreisa ved hjelp av elektroniske pasienthelsesdata?*
- *Kva for effekt har pasientsentriske vegar på pasientopplevd omsorgskvalitet?*

- *Kva for effekt har pasientsentriske vegar på kliniske utfall?*

Prosjektet skal òg evaluere effekten av å implementere slike vegar på sjukdomsforløp og alvorlighetsgrad av sjukdomen.

2.5.3 Bete bruk av helsedata

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- ta i bruk felles søknadsskjema, saksbehandlingsløsning og innbyggjartenester for kvalitetsregistrene i tråd med dei regionale helseføretaka sin plan for innføring og gevinstrealisering.

Helse Vest IKT har medverka i arbeidet med å innføre nye innbyggjartenester i løysingar knytt til dei nasjonale kvalitetsregistrene. Regionalt fagsenter for kvalitetsregistre og føretaka har ansvar for å ta i bruk felles søknadsskjema og sakshandsamingsløysing.

- leggje til rette for overføring av data frå Kreftregisteret og utvalde kvalitetsregister til Helseanalyseplattformen i tråd med framdriftsplanen for Helsedataprogrammet (utvikle dataprodukt og dokumentere metadata).

Registermiljøa, med støtte frå Regionalt fagsenter for kvalitetsregistre, har jobba med å leggje til rette for overføring av data frå utvalde kvalitetsregistre.

2.5.4 Informasjonssikkerheit

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- delta i det regionale arbeidet med å følgje opp Riksrevisjonen sine hovudfunn, merknadar og tilrådingar frå undersøkinga om helseføretaka si førebygging av angrep mot sine IKT-system.

Helse Vest IKT har hatt tett oppfølging av Riksrevisjonen sine funn. Arbeidet er organisert gjennom dei seksjonane som har ansvar for kvart sitt felt. Dei større oppgåvene er leia av leveransekoordinatorane i Tenesteproduksjon. I september vart restrisiko overført til ROS infrastruktur og vert følgt opp der.

- delta i arbeidet med å utvikle ein regional handlingsplan for arbeidet med informasjonssikkerheit òg omfattar langsiktige tiltak.

Helse Vest IKT har delteke i arbeidet med utvikling av ein regional handlingsplan. Arbeidet var ferdig i oktober.

- etter nærare avtale med Helse Vest RHF om å delta i samarbeidsforum med dei andre regionale helseføretaka, Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF, for å styrke erfaringsoverføring på tvers, og for å identifisere eigna nasjonale og interregionale tiltak for å styrke informasjonstryggleiken i helseføretaka og førebyggje angrep mot IKT-systema. Dette inneber mellom

anna øvingar, revisjonar, sårbarheitsskanning og penetrasjonstesting. Forumet skal gi anbefalingar om korleis kriterium for å akseptere risiko innan informasjonstryggleik bør utformast.

Helse Vest IKT har eit godt samarbeid med HelseCERT. Det er gjennomført øvingar og sårbarheitsskanning. Det er òg gjennomført penetrasjonstesting på nokre system.

- nytte Norsk Helsenett SF sin årlege rapport om truslar, trendar, sårbarheiter og relevante tiltak som sektoren kan nytte i sitt arbeid med risiko- og sårbarheitsvurderingar.

Helse Vest IKT har tett dialog med Norsk Helsenett på dette området. Ein har også utvida seksjon IKT-sikkerhet med 2 stillingar innanfor logg- og logganalyse. Det er òg inngått avtale med Norsk Helsenett om å inngå i programmet Digital Beskyttelse i Dybden, DBD.

- delta i arbeidet med systematisk innføring av Nasjonal sikkerhetsmyndighet sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit og sikre systematisk adressering av arbeidet med informasjonstryggleik på alle nivå i helseføretaka.

Helse Vest IKT har hatt ein gjennomgang av NSM sine grunnprinsipp og kategorisert dei etter prioritet. Ansvar er fordelt på dei ulike avdelingane, og ein arbeider med dei som har høgast prioritet og rapporterer på framdrift til Leiarmøte sikkerheit.

- delta i arbeidet med å sikre nødvendig klargjering av ansvar, roller og oppgåver i arbeidet med informasjonstryggleik på alle nivå i helseføretaket.

Helse Vest IKT har delteke i arbeidet med klargjering av ansvar, roller og oppgåver i arbeidet med informasjonstryggleik. Arbeidet vart ferdig i oktober.

- etter nærare avtale med Helse Vest RHF delta i arbeidet med ein nasjonal strategi for digital tryggleik i helse- og omsorgssektoren. Arbeidet vert leia av Direktoratet for ehelse og skal gjerast i samarbeid med Norsk helsenett SF, Helsedirektoratet, Helsetilsynet og kommunesektoren/KS. Helse Sør-Aust RHF skal ha ei koordineringsrolle for helseregionane.

Helse Vest IKT har delteke på fleire workshops på ulike faglege tema med deltakarar frå dei andre regionane. Der har vi gitt faglege innspel til strateginotatet.

- presentere status frå arbeidet med informasjonssikkerheit, medrekna den årlege gjennomgangen til leiinga, i egne årlege møte, samt i årleg melding.

Helse Vest IKT har saka Leiinga si årlige gjennomgang av IKT-sikkerheit i det første styremøtet kvart år. Ein rapporterer også på saker om informasjonssikkerheit på fleire styremøte gjennom året.

- sikre god informasjon og opplæring av medarbeidarar og leiarar i sikkerheitskultur og førebygging av databrot.

Her har seksjon for IKT-sikkerhet bidrege på følgende vis:

- *Intranettsaker med fokus på informasjonssikkerheit*
- *Relevante bidrag i både e-postdialog og møte (større og mindre)*
- *Eigne foredrag på Helse Vest IKT si fellessamling (2 interne og 1 eksternt i år med fokus på sikkerheit)*
- *Revisjon og forbedring av IKT-Sikkerheitsinstruks*
- *Revisjon og forenkling av styringssystemet*

2.6 Beredskap og sikkerheit

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- vidareutvikle eigne beredskapsplanar i lys av erfaringar og evalueringar av koronapandemien.

Helse Vest IKT har gått gjennom rutinar og sjekklister som vert brukt når ein vurderer beredskap. Ein har også gått gjennom og justert når ein skal bruke dei ulike beredskapsnivåa.

- følgje opp erfaringane frå og evalueringane av handteringa av koronapandemien.

Helse Vest har vore representert i beredskapsgrupper, og lagt til rette for digitale løysingar som helseføretaka har nytta i sitt beredskapsarbeid.

- delta med relevant kompetanse i prosjekt «Felles forsyningsløysing i Helse Vest».

Helse Vest IKT har vore representert i styringsgruppa.

- delta i arbeidet med revidering av regional helseberedskapsplan, inkludert utvikling av del-planar.

Helse Vest IKT deltek i arbeidet med regional helseberedskapsplan i Regionalt Beredskapsutvalg. Det er avklart at ferdigstilling av revidert plan er utsatt til sommaren 2022.

- bidra i arbeidet med å etablere nasjonalt begrensa nett (NBN) for å kunne dele gradert informasjon.

Helse Vest IKT la formelt inn bestilling på tilkopling til Nasjonalt Begrensa nett 19.02.21. Det er tinga ein terminal ved Helse Vest RHF som skal tene Helse Vest RHF og Helse Stavanger, ein klient som skal stå i Helse Vest IKT sine lokale i Bergen og ein som skal stå i Helse Vest IKT sine lokae i Førde.

Grunna krevjande leveransesituasjon har Helse Vest IKT per 02.12 ikkje mottatt alt nødvendig utstyr frå Forsvarsdepartementet.

2.7 Samfunnsansvar

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- vidareutvikle arbeidet med å sikre ei ansvarleg verksemd. Dette inneber mellom anna å førebyggje arbeidslivs- og økonomisk kriminalitet, og ta i vare arbeidstakarrettane.

Helse Vest IKT deltek i regionalt samarbeid med Sykehusinnkjøp og helseføretaka i arbeid med samfunnsansvar.

- vidareutvikle arbeidet med klimarekneskap og redusere verksemda sitt klimaavtrykk.

Helse Vest IKT utarbeider ikkje eget klimarekneskap, men har eigne miljømål og følger opp disse gjennom årlig revisjon ved fornying av ISO-sertifisering.

2.8 Bemanning, leiging og organisasjon

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT AS om å:

- vidareføre tiltak for å ta vare på medarbeidarane på ein god måte og ha særskilt merksemd på arbeidsmiljø og arbeidsforhold i lys av koronapandemien.

Helse Vest IKT følger til ein kvar tid gjeldande nasjonale-, regionale og kommunale tilrådingar knytt til Covid-19. Våren 2021 utarbeidde vi generelle- og lokasjonsvise retningslinjer for bruk av våre kontorlokale. Desse er ikkje gjeldande p.t. men kan raskt gjeninnførast ved behov. Helse Vest IKT er såleis godt førebudd.

I løpet av pandemien er det gjennomført to medarbeidarundersøkingar om status og behov på heimekontoret. Begge undersøkingane har hatt god svarprosent. Overordna viser undersøkingane at heimekontor har fungert godt for medarbeidarane, totalt sett. Resultata viser likevel nokre individuelle- og miljømessige utfordringar, spesielt knytt til mangelfull sosial samhandling mellom kollegaer. Leiinga vil vere spesielt merksam på dette framover, og legg til rette for tett dialog- og oppfølging mellom næraste leiar og medarbeidar. HR og leiargruppa arbeider aktivt for å vedta kva som skal bli "framtidens arbeidsplass", dvs. avklare fordelinga mellom heimekontor og arbeidsplass. På den eine sida ønsker Helse Vest IKT å vere ein fleksibel og attraktiv arbeidsgjevar, som legg til rette for heimekontor. På den andre sida må vi sikre forsvarleg drift, at vi leverer på våre forpliktingar og tek vare på felles kultur og eit godt arbeidsmiljø.

Leiargruppa har vedteke å teste ut ulike modellar for grad av heimekontor i ein utprøvsperiode i 2022. Ein legg opp til ekstra fokus på sosiale tiltak på kontora i utprøvsperioden. Utprøvinga er no under planlegging og vil drøftast i AMU før iverksetting. Start på prøveperiode vil avhenge av smittesituasjonen knytt til Covid-19.

- sørgje for jamleg vurdering av bemanningsplanar i lys av scenario frå Folkehelseinstituttet om smitteutviklinga.

Vaktplanar og bemanningsplanar har vorte oppdatert som følgje av beredskap i sjukehusa.

- lage handlingsplanar til ForBedring i Synergi og bruke Synergi aktivt for å følgje status og framdrift på identifiserte tiltak.

Oppfølging av «Forbedring» er gjort på avdelings- og seksjonsnivå, samt overordna på selskapsnivå der det er formålstenleg. Identifiserte tiltak følgjast opp lokalt, og ein har ikkje brukt Synergi aktivt i dette arbeidet. Det er eit forbettringspotensial ein vil arbeide med i kommande år.

- sikre at alle medarbeidarar fullfører sine obligatoriske e-læringskurs.

Link til obligatorisk e-læringskurs innan sikkerheit og ytre miljø/miljøstyringssystem sendast ut til nye tilsette i velkomst-e-post, samt følgjast opp i medarbeidarsamtaler for alle tilsette.

3 Ressursgrunnlag og finansieringsmodell

3.1 Finansieringsmodell

Helse Vest IKT skal:

- vidareføre/kvalitetssikre arbeidet med ein prisingsmodell som gir god samanheng mellom aktivitet og kostnadar i selskapet.

Aktivitetsmodellen/tenesteomfang for Helse Vest IKT er regulert i Tenesteavtalen med kundane (SLA). Kostnadane per teneste vert regulert gjennom budsjettet og fordelt mellom dei ulike føretaka, inklusive private/ideelle.

Ved overgang til produkttilnærming er det vurdert meir rammetilnærming på finansieringsmodell, det vil si med ei budsjettert ramme – men med fakturering av faktiske kostnadar.

3.2 Balansekrav

Helse Vest IKT skal:

- sørgje for at kostnadsrett prising av tenestene inkluderer rett fordeling mellom dei ulike tenestegruppene.

Økonomimodellen i Helse Vest IKT er i hovudsak vidarefakturering av faktiske kostnadar (avskrivningar, lisensar, konsulentar mv), samt fakturering av estimert eller faktisk timeforbruk knytt til dei enkelte tenester eller prosjekt/produkt.

- gjennom god verksemdstyring medverke til at det vert samordningsgevinstar i føretaksgruppa.

Helse Vest IKT bidreg i gevinstarbeidet regionalt gjennom prosjekta, samt ved vurdering av

felles infrastruktur og felles løysingar.

Resultatkravet for Helse Vest IKT AS for 2021 er fastsett til 1 mill. kroner.